

Raudkløver (*Trifolium pratense*)

Skogkløver (*Trifolium medium*)

Sukkertøyet på enga!



1: Øvre delar av ein raudkløver. 2: Blomen til raudkløver. 3: Mærke = arret
?. 4: ståndare = Pollenbærar ? 5: Moden frukt. 6: Frø. 6: Blomen til
skogkløver. 7: Einsleg blom til skogkløver.

SUGE HONNING

Plukk ein blom (sjå nr. 2 på bildet). Løys den frå blomsterfestet og sug ut honningen. Det smakar søtt som sukkervatn. I Sogndal kalla dei raudkløveren for **søtknapp** før.

Berre **humler** og nokre **sommarfuglar** har lang nok snabel til å drikke honning av raudkløveren. Før brukte dei å setja att teigar med kløver, slik at det skulle vert nok humler til å bestøve frukt og bær.

VÊRVARSEL

Når raudkløveren hang med blada eller lukta sterkt, varsla den regn!

Raudkløveren har vore ei av landbruket sine viktigaste planter. Kløveren har evne til å binde nitrogen frå lufta og gjødsle jorda.

ER DET RAUDKLØVER ELLER SKOGKLØVER SOM VEKS HER?
(sjå bilde)

FIRKLØVER

Har du lyst til å sjå om du finn lukka?

Den som finn ein firkløver kan ynskje seg noko.

Slik brukte det i alle fall å vere før. Du får prøve om det verkar enno!

